



**Skulemusikken skal også i år ha det tradisjonelle julelotteriet med mykje fristande på ei rikhaldig og juleprega gevinstliste. Lotteriet er ei god inntektskjelde til korpsarbeidet. Starskotet for loddsalet er i kveldinga torsdag.**

Då vert bygda delt i ruter og etter planen skal alle få besøk av unge, hyggelege loddsejarar. Musikantane gjer dermed ein innsats for den økonomiske sida av laget sitt.

Ein del foreldre hjelper til som sjåførar. Det er all grunn til å tru at seljarane blir godt mottekne. Etter loddrunden er det, som tradisjonen også tilseier, pizzakos for loddsejarane.

Lotteriet vert trekt på skulemusikken sin årlege grautfest som i år vert halden fredag 11. desember. Men før det vert det blant anna loddsal på SPAR to fredagar.

På biletet spelar skulemusikken under huskonserten i Aktivitetshuset for stutt tid sidan.

(Foto: Ola Matti Mathisen)